

Foreldreundersøkinga:

Kva er formålet?

Formålet med Foreldreundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet er at føresette skal få seie si meining om læring og trivsel på skolen, og om skole-heimsamarbeid.

Resultata frå Foreldreundersøkinga blir ikkje sletta, men lagra forskriftsmessig, og nytta av skolar, skoleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen som ei hjelp til å analysere og utvikle læringsmiljøet. Data frå Foreldreundersøkinga kan også bli brukte til forskingsformål av forskarar som får utlevert grunnlagsdata. Delar av resultata frå Foreldreundersøkinga kan bli publiserte i Skoleporten.

Korleis blir undersøkinga gjennomført?

Skolane kan gjennomføre Foreldreundersøkinga både vår og haust. Det er frivillig for foreldre å svare.

Du kan velje å hoppe over spørsmål dersom du opplever nokre av dei som ubehagelege, eller det er nokre spørsmål du ikkje vil svare på.

Behandlingsansvar og personvern

Den behandlingsansvarlege har ansvaret for å sikre at opplysningane blir behandla i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande personvernregelverket. Utdanningsdirektoratet har delt behandlingsansvar med skoleeigaren for opplysningane som blir behandla i Foreldreundersøkinga.

Føresette som svarer, oppgir ikkje namn, men det vil likevel i nokre få tilfelle vere ei teoretisk moglegheit for at den som behandlar grunnlagsdata, kan kjenne att enkeltpersonar som har svart (indirekte identifisering). Direktoratet har derfor utforma sikringstiltak for å ta vare på personvernet ditt under behandlinga av grunnlagsdata frå Foreldreundersøkinga. Det er lagt opp til svært strenge reglar for å vise resultat frå undersøkingane – det gjeld for skolane, skoleeigarane og dei statlege utdanningsmyndigheitene. Dette er gjort for å redusere faren for indirekte attkjenning av personar som har svart. Data frå undersøkinga skal aldri publiserast offentleg på ein måte som gjer det mogleg å kjenne att svara til den enkelte føresette.

Ved utlevering av grunnlagsdata til forskingsformål blir forskarane pålagde å følgje direktoratets reglar for konfidensialitet, og dei må skrive under på ei teieerklæring.

Har du spørsmål?

Kontakt skolen eller Utdanningsdirektoratet. Du finn også mykje informasjon på www.udir.no/undersokelser.

|